



Notat

Dato: 30.04.2014
Arkivsak: 2014/15938-1
Saksbehandlar: brispje

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv 2014

Hordaland fylkeskommune forvaltar fire ulike statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv:

1. **Statleg tilskot til tiltak i sikra friluftsområde, post 78**
2. **Statleg tilskot til friluftslivstiltak, post 78**
3. **Midlar til lokale tiltak for friluftsliv**
4. **Støtte til merking og gradering av turløyper i Hordaland**

Forvaltninga av desse tilskotsordningane er delegert til fylkesrådmannen i sak 5/2014 handsama av Kultur og ressursutvalet 21.01.2014. I denne meldinga orienterer fylkesrådmannen om fordeling av midlar på dei ulike tilskotsordningane.

1. Fordeling av statleg tilskot til tiltak i sikra friluftsområde, post 78

Innkomne søknader

I 2014 er det fire søknadar på tiltak i statleg sikra friluftsområde, post 78, som er handsama av Hordaland fylkeskommune. Samla søknadsbeløp er kr 15.667.000 og det er kr 4 mill til fordeling.

Tilskotet skal dekkje utgifter til praktiske tiltak som følgje av statleg tileigning av nasjonalt eller regionalt viktige friluftslivsområde. Midlane kan og nyttast til å sikre varige servituttavtalar (evigvarande bruksrett) for å sikre allmenna friluftslivsområde. Midlar som vert tildelt kan berre nyttast til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) driv med tilrettelegging, skjøtsel og drift av friluftsområder i 17 kommunar . Utgangspunkt for søknaden er den langsiktige forvaltningsplanen for alle friluftsområda. Planen blir revidert i forkant av kvart år og gir ei samla oversikt over behova for tilrettelegging. To til fem statleg

sikra friluftsområder er prioritert i kvar kommune, i totalt 65 av dei 147 statlig sikra områda. Kostnad for prioriterte tiltak er spesifisert. Ut frå tildelte midlar, vert det kvart år utarbeid ein arbeidsplan.

BOF søker om kr 13.325.000 for å gjennomføre tiltak i dei 17 friluftsområda med høgast prioritert; Kollevåg i Askøy, Sveholmen i Austevoll, Årvikane i Austrheim, Tennebekktjern, Solviken og Kvarven i Bergen, Hissøyna i Fjell, Fusaneset i Fusa, Litlevågen i Lindås, Varnappen i Meland, Mobergsvika i Os, Skageneset i Radøy, Gjerdsvikko i Samnanger, Sundskogen i Sund, Ånuglo i Tysnes, Agnavika i Vaksdal og Ormhilleren i Øygarden. I tillegg er arbeidet med å planlegge tilrettelegging i friluftsområder i kommunane Kvam og Osterøy, starta opp. Meir informasjon om dei aktuelle områda finn ein på www.bof.no. Alle dei statleg sikra friluftsområda er også registrert i naturbasen. Total kostnad for planlagde tiltak i alle dei prioriterte statleg sikra områda utgjer kr 26.650.000. Med utgangspunkt i forvaltningsplanen og tildelte midlar, blir det kvart år utarbeid ein arbeidsplan.

Askøy kommune er medlem av BOF. Dei søker om kr 592.000 til vidareutvikling av ute scene (fjellsikring av "Krateret") og ferdigstilling av informasjonstavler for formidling på området. Planlagte tiltak har ein kostnad på kr 1.392.000. Herdla fort har prioritet nummer 4 for Askøy i BOF sin forvaltningsplan.

Friluftsrådet Vest (FV) har ansvar for friluftslivsområder i seks kommunar i Hordaland. Utgangspunkt for søknaden er forvaltningsplanen for alle friluftsområda. I sin søknad ber dei om midlar frå post 78 til sju statleg sikra friluftsområder for å gjere dei meir tilrettelagt for ålmenna. Dei søker om kr 1.700.000 til følgjande friluftsområder; Ådlandsvatnet på Stord, Valøya og Hille i Kvinnherad, Teløy og Straumøy i Fitjar, Breidvika og Ulvesøya på Bømlo. Samla kostnad for planlagte tiltak er kr. 3.600.000.

Granvin Herad søker om kr 50.000 til universell utforming av Granven – Røyenstrand friluftsområde. Dei skal redusere stigning inn og ut av brua over Granvin elva, leggja på ny asfalt/oljegrus og utbetra tilkomsten til toalett og brygge. Total kostnad er kr 70.000.

Vurdering

Søknadar frå medlemskommunar av friluftsråd er ikkje prioritert, og såleis får ikkje Askøy kommune tildelt midlar. Granvin herad får tildelt 100% av sin søknad då søknadsbeløpet er lavt. Fordelinga mellom friluftsråda er vurdert ut frå søknadssum, tal medlemskommunar og tal innbyggjarar. BOF får tildelt 85% av totalbeløp (4 millioner), som gir ein dekningsgrad på 25,5 %. Friluftsrådet Vest får 13,8% av totalbeløp, som gir ein dekningsgrad på 32,4%. I tilleggssak til PS 37/2014 vart 2 av dei 7 omsøkte friluftsområda frå Friluftsrådet Vest tilrådd støtta med kr 1.725.000 (Teløy med kr 300.000 og Ådlandsvatnet med kr 1.425.000) over post 30 frå Miljødirektoratet.

Søkjær	Tiltak	Totalsum	Søknad	Tilskot
Bergen og Omland Friluftsråd	Tiltak i 17 statleg sikra friluftsområder	26 650 000	13 325 000	3 400 000
Friluftsrådet Vest	Tiltak i 7 statleg sikra friluftsområder	3 600 000	1 700 000	550 000
Granvin Herad	Universell utforming av Granden - Røynestad friluftsområde	70 000	50 000	50 000
Askøy kommune	Merking og istandsetting av ute scene på Herdla Fort	1 392 500	592 500	Får ikkje tilskot.
	Totalt	31 712 000	15 667 000	4 000 000

2. Statleg tilskot til friluftslivstiltak, post 78

Målet med tilskotsordninga er å medverke til stimuleringstiltak og haldningsskapande arbeid for friluftsliv, med vekt på å styrkje ålmenta sine friluftssinteresser. Innsatsen vil i første rekkje rettast inn mot barn, unge, personar med funksjonshemming og etniske minoritetar. Midlane skal nyttast til arbeid med og konkrete tiltak til å fremje friluftsliv som utgangspunkt for gode helsevanar og miljøhaldningar. Hordaland fylkeskommune handsamar søknadene innafor ei budsjетtramme fastsett av Miljødirektoratet. I utlysningsteksten står det at det vert gjeve støtte mellom kr 5.000 - 40.000.

Vurdering av innkomne søknader – post 78

I 2014 er det 39 søknader og med samla søknadssum på kr. 1.557.730. Det er kr. 820 000 til fordeling. Det har vore samordning med tilskot til lokalt folkehelsearbeid og tilskot til viltformål. Dei prosjekta som er tildelt midlar, er alle prosjekt som kjem inn under hovudmålet for ordninga. Av di det er avgrensa midlar å fordele i høve til behov, er det søkarar som ikkje fekk tilskot til omsøkte prosjekt eller fekk mindre beløp enn søkt.

Tiltak	Søkjær	Kostnad	Søknadssum	Tilsagn
Få folk ut på vatnet	Bydelsbloggen	128 000	58 000	Får kr. 58 000,- frå ordninga Tiltak til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv.
Villmarksleir på Småbrekke	Vaksdal kommune	25 000	10 000	10 000
Kvinneaktivitetar	NJFF - Hordaland	30 000	15 000	0,- Tiltaket er ikkje lavterskeltilbud

Tiltak	Søkjær	Kostnad	Søknadssum	Tilsagn
Kartlegging av fisketilhøve i vatn og vassdrag	NJFF - Hordaland	70 000	50 000	40 000
Wild West 2014	NJFF - Hordaland	80 000	35 000	35 000
Undervisningsprosjekt i fiske og friluftsliv	NJFF- Hordaland	1 075 000	45 000	40 000
Aktiv i friluft	Barnas Turlag Stord/Fitjar	20 000	20 000	Får kr 10.000,- Frå Aktiv saman
Skytestevne for barn og ungdom	NJFF - Hordaland	15 000	5 000	5 000
Fishecamp for ungdom 2014	NJFF - Hordaland	45 000	20 000	20 000
Fiskeklubben for barn 2014	NJFF - Hordaland	30 000	15 000	15 000
Naturlosturar	Haugesund Turistforening	170 000	40 000	40 000
Oppgradering av badeplass	Møsdalen Grendaråd	159 500	40 000	40 000
Friluftslivets veke og dag i Sunnhordland	Friluftsrådet Vest	120 000	60 000	40 000
Læring i friluft	Friluftsrådet Vest	440 000	100 000	40 000
Friluft utstyrsbase på Rosendal	Friluftsrådet Vest	240 000	120 000	0,- Får frå ordning tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv.
Bjørkdalen aktivitetspark	Sotra og Øygarden NJFF	160 000	80 000	40 000
Kystfriluftsdager i Sunnhordland	Friluftsrådet Vest	100 000	30 000	30 000
Ungdom i naturen	Natur og Ungdom	71 000	20 000	0.- Lite konkret tiltak
Besøksteljarar	Friluftsrådet Vest	50 000	20 000	20 000
Videreføring av turregistrering	Friluftsrådet Vest	50 000	25 000	25 000
Aktiv i friluft-Sunnhordland	Friluftsrådet Vest	260 000	70 000	40 000
Opptur 2014	Voss utferdslag	47 880	27 880	23 000
Fiskedagar på Småbrekke	Vaksdal kommune	35 000	25 000	17 000
Fellestur til Fotalaje	Vaksdal kommune	10 000	5 000	0,- Står ikkje noe om prioriterte grupper, søker om midlar til transport.

Tiltak	Søkjær	Kostnad	Søknadssum	Tilsagn
Universelt utforma turveg mot Skansen	Austvoll kommune	310 000	30 000	Fått kr. 25 000 frå lokale friluftslivstiltak
Friluftsliv for alle - hele året	Haugesund Turistforening	445 000	8 000	8 000
Vinter-fjordaleikane	Ullensvang Herad	63 500	33 000	31 000
Slipp psyken fri - få kroppen i gir	Stiftelsen Amalie Skrams Hus	40 000	20 000	20 000
Utbetring av uteareal ved Lundarstølhytta	Stord/Fitjar Røde Kors Hjelpekorps	70 000	70 000	35 000
Inkludering av fleirkulturelle	Godvik Sjøspeidergruppe	39 350	39 350	Fått kr 23.000,- frå Aktiv saman.
Tursti	Nasjonaleininga for folkehelsen/ Einstadbøvoll helselag	62 500	47 500	31 000
Nye landsmenn-innføring i friluftsliv	Friluftsrådet Vest	120 000	30 000	Fått kr 25.000,- Frå Aktiv saman.
Aktiv til 100	Bergen og Hordaland Turlag	378 000	40 000	40 000
Lavterskel turar	Bergen og Hordaland turlag	100 000	60 000	40 000
Kom deg ut-dagene i Hordaland	Bergen og Hordaland Turlag	250 000	90 000	0,- Fått støtte mange år, turlaget får driftsstøtte.
Trilleturar i Bergen	Bergen og Hordaland Turlag	40 000	40 000	0,- Fått støtte mange år, turlaget får driftsstøtte.
Byfjellstrimmen	Bergen og Hordaland Turlag	123 000	40 000	21 000
Basecamp Sunnhordland	Friluftsrådet Vest	160 000	40 000	40 000
TAM (trygghet ansvar mestrings) - Ungdomsleir	Norges Jeger og fiskeforbund Hordaland	130 000	34 000	34 000
		5 762 730	1 557 730	820 000

3. Midlar til lokale tiltak for friluftsliv

Målet med støtteordninga lokale friluftslivstiltak er å medverke til at det skapast god kvardagsaktivitet for folk i Hordaland. For 2014 er det sett av kr 400.000 til ordninga og i utlysningsteksten stod det at ildelingsbeløp er mellom kr. 5 – 40.000. Innan søknadsfristen 15. februar kom det 36 søknader med ein samla søknadssum på kr 1.258.435.

Namn på tiltak	Søkar	Kostnad	Søknadssum	Tilsagn
Kurs for leiarar utan speidarbakgrunn	Bjergvin krets av Norges KFUK-KFUM-speidere	22 000	22 000	0,- Nemner ikkje nye aktivitetstiltak, inkludering av grupper med særskilde behov eller nytenking
Gapahukar og rasteplassar på Unneland	Unneland Grendalag	86 250	40 000	20 000
Friluftsliv / folkehelse for alle, seks friluftssarrangement	Bømlo Turlag	141 000	40 000	25 000
Turskilt Landåsen	Stord Rotaryklubb	85 457	18 645	0,- Vanskeleg å seie om tiltaket fører til auka bruk av området blant prioriterte grupper.
Frivilligheitsgruppe med aktivitetar	Fjell Frivilligsentral i samarbeid m/frivillige	45 100	18 700	Søknaden vert handsama i samanheng med HFK sitt arbeid med eldre
Merking av nye friluftsområder i Kvam herad	Bergen og Omland Friluftsråd	75 000	37 500	20 000
Merking av nye friluftsområder i Osterøy kommune	Bergen og Omland Friluftsråd	75 000	37 500	20 000
Opparbeide parkeringsplass til Skageneset friluftsområde	Bergen og Omland Friluftsråd	80 000	40 000	30 000
Havcampar og aktivitetsdagar for ungdom	Bergen og Omland Friluftsråd	190 000	40 000	Tiltaket har fått kr 20.000,- frå Aktiv saman

Namn på tiltak	Søkar	Kostnad	Søknadssum	Tilsagn
Oppgradering av sti - Krossfjellet Meland	Meland kommune m frivillige/grunneigarar	55866	30 000	20 000
Utbetra turveg Kalve-Skansen	Austevoll Kommune	225 000	75 000	25 000
Camp Hitsøy: friluftscamp for utsett ungdom 12-18 år	Fjell kommune	57 500	20 000	20 000
Kysttrimmen 2014	Fjell turlag	160 000	80 000	20 000
Læring i friluft	Friluftsrådet Vest	440 000	50 000	Har fått kr. 40 000,- frå post 78
Friskus 2014	Austrheim kommune	35 500	12 500	12 000
Aldal friluftsløip	Samnanger kommune	57 680	28 440	20 000
Vinter - fjordaleikane	Ullensvang Herad	62 500	33 500	Har fått kr. 30 000,- frå post 78.
Aldal Friluftsdag	Samnanger kommune	7 900	7 900	Har fått kr 4.000,- frå Aktiv saman.
Gapahuk Lundarstøl	Stord-Fitjar Turlag	50 000	20 000	20 000
Etablere Samnanger Turlag	Samnanger Turlag	30 000	15 000	0. Dette får B&H Turlag driftsstøtte til
Gi ungdommen naturopplevingar	Hordaland Natur og Ungdom	65 000	30 000	0. Lite konkrete tiltak
Frionråde Lundarosen	Voss kommune	50 000	25 000	20 000
Turstiar	Nordre Holsnøy IL Skintveitskogen	82 855	40 000	30 000
Vandring i Jondal	Jondal idrettslag	273 375	40 000	30 000
Utarbeiding av bru for å utbetre turløyper Tverrbekken	Kvamskogen Næringslag	70 000	75 250	0. Ikkje nærfriluftsliv.

Namn på tiltak	Søkar	Kostnad	Søknadssum	Tilsagn
Friluftsløiren	Hordaland krins av Norges speiderforbund	216 500	40 000	0. Eigenandel og deltakarkostnadar kan verke ekskluderande.
Selsøy – Friluftsområde, krigsminne, husmannsplass	Neptun Pensjonistklubb	90 000	40 000	0. Ikkje nærfriluftsliv. Tilkome berre med båt og kajakk
Språksprell i naturen	Askøy kommune	30 000	10 000	Fått kr 10.000,- frå Aktiv saman.
Barn på tur	Fusa turlag	17 500	17 500	8 000
Integrert aktivitet	Vaksdal kommune	90 000	40 000	Har fått kr 25.000,- frå Aktiv saman.
Kul-Tur	Øygarden Frivilligsentral	40 000	40 000	Fått kr 20.000,- frå aktiv saman
Dukkevognparade til Ryvarden Kulturfyr	Ryvarden Kulturfyr KF	39 900	14 000	0. Lite fokus mot noe konkret ift aktivitet, prioritert gruppe osv.
Onsdagsklatring for ungdom ute og inne	Bergen og Hordaland Turlag	101 000	40 000	Fått kr 20.000,- frå Aktiv saman
Tur og friluftsliv	Sportsklubben Djerv	59 500	25 000	Fått kr 25.000,- frå Aktiv saman
Havsport for alle	Havsportlauget	95 250	40 000	20 000
Nærmiljøsti med aktivitetsløype over Heiane	Bygdalaget Nesjaheimen	185 000	75 000	40 000
			1 258 435	400 000

Fordeling av midlar til merking og gradering av turløyper i Hordaland 2014

På basis av dei gode resultatane av Vestlandsprosjektet knytta til merking og gradering av turløyper (2010-2013), er det i 2014 etablert eit nasjonalt turskiltprosjekt «det merkes i heile landet». Gjensidigestiftelsen har løyvd kr 20 mill for 2014, som fylkeskommunane kunne søke på innan 15. desember 2013. Hordaland fekk tildelt kr 1.635.000. Tilskotet føreset ein eigenandel på 50 % frå fylkesnivå i form av fylkeskommunale og kommunale midlar. Eigenadelen for 2014 er finansiert slik: kr. 886 000 av fylkeskommunale midlar, kr. 968 000 i kommunale midlar.

Ved søknadsfristen 15. februar 2014 kom det inn 27 søknadar med tiltak i 20 kommunar. Samla søknadssum på vel kr 2.68 mill og det er kr. 2. 521. 000 til fordeling. Den 31. mars blei midlane til prosjekt i Hordaland fordelt, i samråd med den lokale tildelingsgruppa. Tilskotsmottakar har 2 år på å ferdigstille arbeidet. Det er krav om at ein representant frå søknadsmottakar skal gjennomføre kurs i nasjonal merkestandar, jfr. Merkehandboka. I Hordaland vert det i april og mai gjennomført kurs på Stord og i Bergen.

Kommune	Søklar	Område	Total kostnad	Søknad	Tildelt
Kvam	Bergen og Omland Friluftstråd	Kvamskogen	74 914	37 500	37 000
Fjell	Bergen og Omland Friluftstråd	Hissøya	97 718	50 000	50 000
Eidfjord	Destinasjon Eidfjord	Simadal-Kjeåsen-simadal	86 826	42 126	42 000
Eidfjord	Destinasjon Eidfjord	Måbø gard - Fossatromme	90 498	42 498	42 000
Askøy	Askøy kommune og Askøy Turlag	Herdla Fort	164 950	100 000	100 000
Kvinnherad	Friluftsrådet Vest	Valøya	60 000	30 000	30 000
Stord	Friluftsrådet Vest	Ådlandsvatnet	88 000	44 000	44 000
Etne	Friluftsrådet Vest	Taraldsøya	57 000	28 000	28 000
Stord	Friluftsrådet Vest	Nautøy	50 000	25 000	25 000
Meland	Meland Kommune	Skinntveitskogen	154 771	84 021	84 000
Meland	Meland Kommune	Kyrkjeveg - Frekkhaug- Meland	67 621	31 121	31 000
Tysnes	Tysnes kommune	Vandring i Tysnes	126 021	80 000	80 000
Os	Os kommune	Os kommune	136 500	68 000	68 000
Etne	Etne Turlag	20 nærturar i Etne	28 740	26 740	17 000
Bergen	Kalandseid IL	Turstiar på Kalandseidet	160 000	80 000	80 000
Kvinnherad	Kvinnherad kommune	Padleruter i Kvinnherad	520 000	260 000	260 000
Bergen	Fanabygdens Venner	Fanafjellet	44 000	44 000	30 000
Austevoll	Austevoll kommune	Skilting av alle eksisterande turløyper på Austevoll	125 967	100 000	75 000
Lindås	Nordhordland Turlag	Helhetlig skilting av turløyper i kommune og region	228 500	178 500	131 000
Bergen	Bergen og Hordaland turlag	Skilting til hyttene i Bergen og Hordaland turlag	602 800	299 500	299 000
Kvam	Kvam næringsråd	Mellom Mundheim og Ålvik	279 400	140 000	140 000
Fusa	Fusa kommune og Fusa Turlag	Turstiprosjekt i Fusa, delprosjekt 2	329 590	165 000	165 000

Kommune	Søkjær	Område	Total kostnad	Søknad	Tildelt
Ulvik	Destinasjon Ulvik	Støtte til vidare utvikling av sti - sykkel traseer i Ulvik kommune	233 106	120 000	120 000
Sund	Sund turlag	Gradering, skilting og tavler for turløyper i indre Sund/over Veten	610 000	250 000	250 000
Bergen	Bergen kommune/Grønn Etat	Skilting byfjella vest	267 700	142 700	142 000
Ullensvang	Eit lite stykke Hardanger	Rydding og merking av turstiar i grenda	213 227	188 227	125 000
Radøy	Radøy kommune	Merking av turløype Sæbøvågen - Kviste, Ulvatnet -Kolåseidet og rundløype rundt Litlavatnet	53 755	26 800	26 000
20 kommunar	TOTAL:		4 951 604	2 683 733	2 521 000